

HANDLINGSPLAN, BEREKRAFT

Bergen og Hordaland Turlag,
Sogn og Fjordande Turlag,
Voss Utferdslag





Illustrasjoner av : Malene Devillez
André Marton Pedersen
Hild Fjermestad Aase
Svein Ulvund
Per Olav Opheimshaug

INNHOOLD

Innleiing: Naturopplevingar for alle	4
Ambisjon 1: DNT skal redusera friluftslivets fotavtrykk	6
Tiltak 1: By- og tettstadnært friluftsliv	8
Tiltak 2: Oversikt over eigne transportutslapp	10
Tiltak 3: Utleige, reparasjon og bruksal	12
Tiltak 4: Berekraftige give-aways	14
Ambisjon 2: DNT sitt hytte- og rutenett skal vera Noregs mest berekraftige ferie- og fritidstilbod	16
Tiltak 5: Møter med lokalsamfunna	18
Tiltak 6: Vurdere berekrafta ved hytte- og rutebygging	20
Ambisjon 3: DNT skal vera ei tydeleg stemme for friluftslivsinteresser og vår felles naturarv	22
Tiltak 7: Kunnskap og omtanke for natur på våre turar	24
Tiltak 8: Synleggjere naturverdiane og kulturarven på våre hytter	25
Organisasjons og kommunikasjonsarbeidet	26
Liste over vedlegg	27



NATUROPPLEVINGAR FOR LIVET

Ordet berekraft er så velbrukt at det synast slitt. Men kjernen i ordet er stadig viktigare ei tid når ressursar syner seg avgrensa, og me har kryssa toleevna til naturen. Samfunnet må gjennom store endringar for å sikra at me ikkje øydelegg livsgrunnlaget. Me må finna att til eit levesett som vedlikeheld og deler vår rikdom med samtida og framtida. For å klara dette må samfunnet løysa nokre konkrete problem: me må stogga klimaendringane, me må hindra tap av natur, og me må sikra at eit stadig aukande tal menneske har dekkja sine grunnleggande behov. Dette er ikkje lett, og det er vert stadig mindre oversikteleg i ei globalisert verd der vårt forbruk påverkar livsgrunnlaget på andre sida av kloden, samstundes som politisk uro påverkar alt frå økonomi til økologi. Bakteppet for denne handlingsplanen er med andre ord komplisert, og eit av måla med denne planen er å gjera berekraftsarbeidet i turlaga i Vestland oversikteleg og handgripeleg.

Målet er jo i grunn enkelt – å gje alle høve til å leva gode liv, både no og i framtida. Gode liv kviler på heilskapen av økosystem, velfungerande samfunn og tilstrekkelege materielle godar, og turlaga skal i denne planen konkretisera vårt bidrag for å nå målet.

Heilt sidan oppstarten har turlaga i Vestland lagt til rette for dei enkle, men store, naturopplevingane. Dette er ein stor verdi som gjev livskvalitet til mange. Gjennom ein enorm frivillig innsats er dette vorte tilgjengeleg for dei aller fleste. Utan store uttak av naturressursane på kloden. Med frivilligheit, deling av materiell, tilgjengeleg prising, opplæring, aktiv inkludering og grunnleggande respekt for naturen, er turlaga – som resten av DNT – ein føregangsfigur i eit berekraftig samfunn. Naturen toler ikkje at alle eig si eiga hytte, men den toler at alle kjenner eigarskap til vårt hyttenettverk. Klimagassutsleppa går ned om fleire vel friluftsliv her heime som sin ferieaktivitet. Landskapa, dyra og plantane våre får det betre om fleire vert kjend med dei, vert glad i dei og vert ei tydeleg stemme for å ta vare på dei. Å vidareføre og styrke vårt arbeid er difor vårt viktigaste bidrag til eit berekraftig samfunn .





Dette er «ikke bare en visjon for de livene som leves nå. Vi har også et ansvar for at kommende generasjoner skal få ta del i vår rikdom» (DNTs berekraftstrategi). Me må difor sørge for at friluftslivet vert drive berekraftig, også i framtida. Turlaga vil nå ut til fleire, og då må me sikre at friluftskulturen er så berekraftig som råd. For det er eingong slik at sjølv om friluftslivet er ein del av svaret på framtidas berekraftige samfunn, så har også moderne friluftskultur adoptert nokre uheldige vanar. Analysar av forbruk syner at friluftslivets største utslepp kjem frå transport og utstysproduksjon. Altså at friluftsfolket køyrer for mange privatbilar, og kjøper for mange ski og jakker. Vidare byrjar det å syne seg at når fleire finn vegen til våre fantastiske naturperler, då oppstår det lokale berekraftsproblem. Villreinen vert uroa, og det er nok langt fleire smålåtne artar som også vert uroa, når for mange finn vegen til same stad på feil tid av året. Lokalsamfunn vert også uroa når for mange skal parkere same staden samstundes, når ikkje alle veit korleis ein gjer det med grinder, toalettbesøk og søppel.

Turlaga må altså dela dei gode naturopplevingane med fleire, samstundes som me ser til at me transporterer oss så smart som råd, fikser og gjenbruger utstyr, og ser til at alle vert litt betre på sporlaus ferdsle.

Handlingsplanen er vår oppfølging av DNT sitt berekraftløfte, der me har forplikta oss til å arbeida for å nå dei tre overordna ambisjonane for berekraftig drift:

- ♦ **DNT vil redusere friluftslivets fotavtrykk**
- ♦ **DNTs hytte og rutenett skal være Norges mest bærekraftige ferie og fritidstilbud.**
- ♦ **DNT skal være en tydelig stemme for friluftslivsinteresser og vår felles naturarv.**

Handlingsplanen er delt inn i kapittel etter dei tre ambisjonane, og under kvart kapittel finn du tiltaka me skal iverksetta for å nå den aktuelle ambisjonen. Tiltaka er skildra så konkret at dei kan iverksetjast, og kvart tiltak er tildelt ein hovudansvarleg. Tiltaka har også fått sine egne evalueringskriterier, og sist men ikkje minst – kvart tiltak er vurdert i høve til kva effekt det har for ei berekraftig framtid.

Me håper planen kan gje deg tankar og inspirasjon til å vere med å skapa framtidas friluftsliv!

AMBISJON 1

DNT vil redusere friluftslivets fotavtrykk

Fotavtrykk er eit omgrep med vid definisjon. Det handlar om summen av ressursbruken som trengs for å skapa ein aktivitet eller eit produkt. Omgrepet er slik sett svært omfattande. Kjøp av ei vare eller ei teneste vil innebere grenselaus ressursbruk, då produksjon av ei t-skjorte m.a. medfører CO_2 -utslepp og bruk av vatn, typisk i Kina eller Vietnam. Vidare har all økonomisk aktivitet i ein oljedriven norsk økonomi eit uavklart og mogleg stort avtrykk.

Me har difor vald å avgrense vårt fotavtrykk til det me forstår og kan rå over, altså vår omsetjing og den aktiviteten som me har kontroll over og veit påverkar klimagassutslepp, tap av naturmangfald og lokalsamfunn. Tiltaka er retta mot å minimere CO_2 utsleppa som kan knytast til turlaga sitt forbruk, og turlaga sin eigen direkte påverknad på natur og samfunn. Dette handlar om å minimere køyring til våre turar, samt å redusere innkjøp av alle typar varer. I tillegg handlar det om å aktivt tilrettelegga og inspirera til at fleire kan ta berekraftige val når dei utøvar friluftsliv. DNT foreiningane har ein sentral rolle i friluftslivskulturen i Noreg, og difor skal me inspirera alle som driv friluftsliv til å redusera sitt fotavtrykk.

"DNT foreiningane har ein sentral rolle i friluftslivskulturen i Noreg, og difor skal me også inspirera alle som driv friluftsliv til å redusera sitt fotavtrykk"



Vandring i Stølsheimen
Foto:Hild Fjermestad Aase

1. Turlaga skal fortsetje satsinga på by- og tettstadnært friluftsliv ut planperioden.

Bergen og Hordaland Turlag har starta eit prosjekt der ein organiserer små dugnadsgrupper som kartlegg, vedlikeheld, merkar og utbetrar stiar for å skapa eit betre nærturtilbod i Bergen. Prosjektet er i første omgang lokalisert innanfor kommunegrensa til Bergen, men målet er å ta det vidare til andre lokallag i fylket.

Å leggja til rette for nærtur er eit godt klimatiltak dersom fleire nyttar gode fritidstilbod i kvardagen utan trong for transport. Nærtur er også eit folkehelseiltak, då det kan få fleire i aktivitet og skapa naturopplevingar som er godt for sjela (gjerne kalla psykisk helse). Turane skal difor vera tilgjengelege. Dei vert merka og skilta, dei ligg der folk bur, og dei er lagt ut som turforslag på UT.no. Turane er også lagt opp for å nå fleire barn og ungdom. For eksempel gjennom aktivitetspostar for barn, og gjennom mål om å tilrettelegga fleire «100-meter skogar».

Sjølve dugnaden er ein verdi i seg sjølv. Prosjektet har eit særleg fokus på å vera inkluderande, og hovudmålet er å skapa eit inkluderande miljø og ein sosial arena gjennom meningsfulle oppgåver. Dugnadsoppgåvene er lågterskeloppgåver tilpassa evne og ynskje hjå dei frivillige som vert rutefadder og slik får eigarskap til enkelte turtrasear. Administrasjonen i BHT koordinerer, tilrettelegg og lyser ut dugnadsoppgåver.

Kva

- ♦ BHT skal fortsetja satsinga på bynært friluftsliv, og bidra til at lokallag og andre foreiningar kan ta med satsinga i aktuelle kommunar.
- ♦ Trygga finansiering
- ♦ Laga ein rutine for tilrettelegging som tek omsyn til fotavtrykket på lokale landskap, økosystem og naturopplevingar.
- ♦ Skildra nærturane på dei mest aktuelle minoritetsspråka.
- ♦ I tilrettelegginga av nærfriluftslivet skal me nytta mest mogleg dugnadsarbeid, og på sikt verte ein arena for arbeidstilvenning.

Kvifor

- + Kan indirekte bidra til store transportutslepp.
- ÷ Ressurskrevjande. Prosjekt krev finansiering.
- + Kan verta gjort med stor grad av frivillig innsats
- + Sosial berekraft

Kven

- ♦ Hytte- og ruteavdelinga i Bergen og Hordaland Turlag
- ♦ Lokallaga
- ♦ Administrasjonen i SFT og VU

Har me lukkast?

- ♦ Geografisk utbreiing av prosjektet
- ♦ Talfeste nye urbane og tettstadnære turar.



På ski i Byfjellene
Foto:Hild Fjermestad Aase



Foto: André Mariton Pedersen

2. Gruppene, lokallaga og administrasjonen skal få oversikt over eigne transportutslepp og setje mål om reduksjon.

Transportutslepp er eit av dei største berekraftsproblema for friluftslivet på eit overordna nivå. I gjennomsnitt køyrer me mykje for å komma oss ut^[1]. Men gjennomsnitt skjuler store variasjonar, og ei kartlegging vil gje kunnskap til å gjere tiltak der det monnar, og få involvering frå dei det gjeld.

Me ynskjer difor at kvart lokallag, gruppe og avdeling skal berekne sine transportutslepp og setje seg eit mål for framtidige transportutslepp. Ein grunnleggande premis er at ein skal oppretthalde eit spennande og inkluderande turtilbod som er eit tiltrekkande alternativ til private ferieturar med fly.

For å få til dette utan at dei frivillige kastar vekk tida si, skal administrasjonen i BHT laga ein enkel mal for korleis turlaga, gruppene og dei administrative avdelingane kan berekne sine transportutslepp.

Korleis ein i praksis skal legge opp transporten er det laga og gruppene som veit best. For kvar tur bør ein vurdere kor høgt ein kan gå i transporthierarkiet:

1. gå
2. sykkel
3. kollektivtransport
4. samkøyring/ innleigd buss
5. ukoordinert privatbilisme.

Vidare er det lurt å sjå kor stor andel el-bil ein kan nytte. Alle bilar har forureining frå dekk, trong for vegar og energibruk, men i valet mellom å nytte ein eksisterande el- eller fossil-bil, er el å føretrekka.

Å kutte transportutslepp kan i beste fall opna for nytenkjing. Difor håpar me turlaga og gruppene i sine årsmeldingar kan dele gode eksempel og kreative idear til å ordna grønare transport.

For å støtta satsinga skal administrasjonen i BHT/SFT/VU kartlegga kva turmål som er aktuelle for kollektivtilbod, og gå i dialog med Vestland Fylkeskommune om å setje opp kollektivtilbod til våre mest besøkte turmål.

¹ Sjå Hille, J. m.fl. (2017, s.83)

Kva

- ♦ Lokallaga, gruppene og administrative avdelingar skal berekne sine transportutslepp og setje seg mål om forbetring
- ♦ Satsinga må ikkje gå i konflikt med eit spennande og inkluderande turtilbod, og tidsbruken for dei frivillige må vere berekraftig.
- ♦ Administrasjonen i BHT skal laga ein enkel mal for korleis ein kan berekne transportutslepp
- ♦ Turlaga, gruppene og administrasjonen bør dela gode eksempel og kreative idear til å ordna grønare transport, i sine årsmeldingar.
- ♦ Administrasjonen i BHT, SFT og VU skal gå i dialog med fylkeskommunen om kollektivtilbod til viktige turmål.

Kvifor

- + Gjev direkte kutt i transportutslepp
- ÷ Tidkrevjande
- + Kan inspirera andre

Kven

- ♦ Naturvernavdelinga og aktivitetsavdelinga i BHT
- ♦ Lokallaga
- ♦ Gruppene
- ♦ Administrasjon i SFT og VU

Har me lukkast?

- ♦ Kva reduksjon har me oppnådd?
- ♦ Kva nye tiltak er prøvd ut?



3. Turlaga og gruppene skal finna og informera om utlånsordningar, utleigeordningar og bruksal på alle sine aktivitetar. Tursenteret i Bergen skal styrke satsinga på sirkulærøkonomi.

Nokre aktivitetar krev mykje utstyr, men ein treng kanskje ikkje fylla boden sin med dette utstyret for å vere med på desse aktivitetane. Det er ofte mogeleg å låna eller leiga noko, og om ein vil eiga kan ein ofte kjøpa noko brukt, og i alle fall sørga for at det ein eig får lang levetid. Alle våre arrangement skal difor aktivt informera og promotera moglegheiter for utlån, utleige, reperasjon og bruksal, som kan løyse eventuell utsyrstrong hjå deltakarane.

Det kan vere krevjande å finna fram til ordningar som dekker alle utstyrsbehov, men om me som organisasjon kan gjera denne jobben, har me lagt til rette for at våre aktivitetar vert meir berekraftige, at fleire vert merksame på desse ordningane og at dei som skaper slike ordningar får kundar eller brukarar. Dette er kulturskapande. Dette er å ta samfunnsansvar.

BHT, SFT og VU skal i forlenginga av dette tiltaket arbeida for å oppretta Frilager i dei kommunane der dette er aktuelt, eller leggja til rette for andre, liknande utlånsordningar.

Tursenteret i Bergen omset mykje friluftsutstyr til glede for turgåarar og til nytte for organisasjonen sin økonomi. Tursenteret må fortsetje å tene desse føremåla, men skal talfeste sin sirkulærøkonomiske omsetjing, med mål om at denne andelen skal auke årvisst. Sirkulærøkonomi handlar om å tena pengar på andre måtar enn å selje nye varer. Her er det snakk om utleige, reperasjon, bruksal og vedlikehald.

Lokallaga er også oppmoda å ha årvisse arrangement med reperasjon og bruksal.



Kva

- ♦ Finne relevante utlån-, utleige-, reparasjon- og bruksalordningar
- ♦ Få oversikt over reparasjonsordningar og byteordningar som er relevant for våre medlemmer
- ♦ Informera og promotera slike ordningar på våre arrangement
- ♦ Vera aktiv for å oppretta frilager eller liknande ordningar i dei kommunane der dette er aktuelt
- ♦ Tursenteret i Bergen skal talfesta sin sirkulærøkonomiske omsetjing, med mål om at denne andelen skal auka årvisst
- ♦ Lokallaga er oppmoda å ha årvisse arrangement med reparasjon og bruksal

Kvifor

- + Direkte effekt på forbruk av ressursar
- + Vil inspirere forbrukarar og andre aktørar
- ÷ Ressurskrevjande

Kven

- ♦ Lokallaga/ Gruppene/ Tursenteret
- ♦ Aktivitetsavdelinga
- ♦ Administrasjonen i SFT og VU

Har me lukkast?

- ♦ Andel turar som informerer om utlån, leige og bruksal
- ♦ Tursenter talfester omsetjing knytt til sirkulærøkonomi og linærøkonomi



Foto: André Marton Pedersen



Foto: André Marton Pedersen

4. Turlaga skal finna berekraftige alternativ til T-skjorter og andre giveaways, og årleg rapportera kva slike produkt som er kjøpt inn.

Mange av turlaga deler ut gåver i samband med arrangement, og ein må sjå til om dette er eit område der friluftslivet kan minke sitt fotavtrykk frå utstyrsbruk. For å sikre at gåver ved arrangement er ein berekraftig praksis, må turlaga først vurdere det som vert gjeve ut: Står den sosiale og økonomiske vinsten i stil med kostnader og utslepp? Kan me kutta det ut? Kan me finne ei alternativ gåve med betre berekraft? Eksempel på sistnemnde kan vera opplevingar, produkt som er lokalt produsert, og produkt med påviseleg lågt avtrykk.

BHT skal frå 2023 gjera tiltak for å redusere tal t-skjorter på 7-fjellsturen. BHT skal redusere innkjøpet av t-skjorter gjennom å gje deltakaren moglegheit for å takka nei ved påmelding, og ved gjenbruk av rest-t-skjorter frå tidlegare år. Erfaringane frå tiltaket knytt til 7-fjells-t-skjortene skal delast med dei andre gruppene og laga.

Kva

- ♦ Vurdera alle give-aways:
- ♦ Kan me kutta det ut?
- ♦ Kan me finna eit meir berekraftig alternativ?
- ♦ Kan me redusere innkjøpet?

Kvifor

- + Målbar effekt på indirekte utslepp
- + Økonomisk innsparing
- + / ÷ Svekka eller styrka merkevare
- + Til inspirasjon for svært mange arrangement

Kven

- ♦ Administrasjonen i BHT, SFT og VU
- ♦ Lokallaga

Har me lukkast?

- ♦ Talfesta kutt per år med estimat av klimafotavtrykk
- ♦ Økonomisk innsparing
- ♦ Kvalitativ vurdering av andre effektar





Dugnadsarbeid
Foto: Torill Refsdal Aase

AMBISJON 2

DNTs hytte og rutenett skal være Norges mest bærekraftige ferie og fritidstilbud.

Hyttelivet er ein sentral del av norsk kultur, av norsk friluftsliv, og av DNT si verksemd. Diverre kan ein seia at hyttekulturen i Noreg har hamna på villspor, med utstrekt bygging av store private hytter med langt større material- og energibruk enn før. DNT-hyttene vil vera ein viktig del av ein berekraftig hyttekultur for framtida, då det er ein utbreidd og velfungerande delingsøkonomi for hytter. Hyttene våre innbyr til eit rikt liv levd med enkle midlar.

Skal me fortsetja å skapa eit berekraftig hytte-alternativ for samfunnet, må hyttene og rutene vedlikehaldast, dei må rustast til å tola besøk, og me må kanskje utvida hyttenettverket. Dette må gjerast med omsyn til arealinngrep og ressursbruk. På sikt må også transporten til hyttene verta fossilfri, noko som delvis kviler på ein teknologisk innfasing i samfunnet som me per i dag har avgrensa innverknad på.

Norsk sti-kultur er også i endring. Både bruken og tilrettelegginga har auka i omfang og variasjon, og det er langt fleire aktørar enn DNT som er aktive i utviklinga. Nokre stader gjev auka bruk skadar på natur og samfunn, og ny tilrettelegging er naudsynt. Nokre stader er tilrettelegginga i seg sjølv ei ulempe for naturen og naturopplevinga. I alle tilfelle vil auka bruk og tilrettelegging krevja vurderingar og omsyn til alle involverte partar. Her må turlaga ta ein leiande rolle ved å ta omsyn til naturmangfald og naturoppleving ved bygging og vedlikehald av sti.

"Å syte for at me forstår kvarandre, og jobbar saman for eit godt friluftslivtilbod for alle"



5. Ved belasta innfallsportar skal turlaga skipa møter med grunneigarar og andre interessentar, samt ta initiativ til tiltak for betra berekraft.

Ved nokre turmål er det problem med søppel, avføring på avvege, opne grinder eller parkering til bry. Ofte er det lett å skjønne at der er problema, medan det er langt vanskelegare å komme til botns i korleis problema vert skapa eller oppleva. Skal ein løyse problem er det fint å forstå dei. Å forstå krev samtale. Slik kan me sikra at lokalsamfunna ikkje vert belasta, men nyt godt av vårt rutenett. Slik kan me sikra at me forstår kvarandre, og jobbar saman for eit godt friluftslivtilbod for alle.

Å betra dette styrkar den sosiale berekrafta. Difor er det naudsynt at turlaga årleg vurderer kva område som kan vere problematiske, og at ein tek initiativ til samtalar med dei som er råka.

Kva

- ♦ Vurdera kva turmål som har problem med søppel, avføring på avvege, opne grinder eller parkering til bry.
- ♦ Skipa til møter med dei som er råka
- ♦ Gjera tiltak med tilrettelegging og besøksforvaltning som tek omsyn til natur og lokalsamfunn.

Kvifor


- + Lågare belastning på lokalsamfunn og natur
- ÷ Arbeidskrevjande

Kven

- ♦ Naturvernavdelinga i BHT, SFT og VU
- ♦ Lokallaga

Har me lukkast?

- ♦ Vurdering av møta
- ♦ Tiltak iverksett





Peker mot Fodnatølsvatnet,
tur fra Dronningstien
Foto: Katerine Ferguson

6. Turlaga skal i 2023 laga ein mal for heilskapleg berekraftsvurdering ved oppretting eller oppgradering av hytter og ruter.

Bygging og oppgradering av hytter skaper fotavtrykk. Å bygga nye hytter er eit arealinngrep, og det medfører utslepp frå materialproduksjon og transport. Som hovudregel er difor overtaking og oppussing av eksisterande bygg, langt betre. I nokre tilfelle kan også slik oppussing vera eit viktig arbeid for kulturminnevernet. Difor skal retningslinjene legga til grunn at eit prioriterer overtaking av eksisterande bygg, og særleg bygg som er del av vår kulturarv. I tillegg skal me ikkje oppretta hytter i viktig/sårbar natur eller i natur med urørt preg, og alle tiltak på hytter og ruter skal ta omsyn til både naturmangfald og naturoppleving. Vurderinga må skje med best mogleg kunnskap, og ein må hyra inn fagfolk om nødvendig.

Kva

Før vedtak om bygging skal ein gjere ei kunnskapsbasert vurdering som tek utgangspunkt i DNT sine sentrale strategiar og rettleiarar. Her må ein:

- ♦ *Minimere inngrep og attføre natur*
- ♦ *Mest mogleg reversible inngrep*
- ♦ *Fotavtrykk frå materialbruk skal estimerast.*
- ♦ *Fotavtrykk frå transport skal estimerast.*
- ♦ *Fotavtrykk frå drift skal estimerast*
- ♦ *Det må vurderast potensiale for besøk samanlikna med påverknad på besøkstal på andre hytte.*
- ♦ *Ein skal følgja DNT sine retningslinjer for kartlegging av naturmangfald.*
- ♦ *Ved vedtak om tilretteleggingstiltak for sti skal ein vurdere omlegging av sti.*
- ♦ *Gjennomføre vurderingar av områder iht. Merkehåndboka*
- ♦ *Vurdere utforming av sti i høve til naturoppleving.*

Ved bygging skal det lagast ein rutine for å sikra:

- ♦ *God massebalanse og unngå sprenging og utfylling der det er mogleg.*
- ♦ *Mest mogleg reversible inngrep. Revegetere om naudsynt.*
- ♦ *Berekraftig materialval*
- ♦ *Bruk av lokal arbeidskraft.*





Skålabu
Foto: Hild Fjermestad Aase

- ◆ Energisystem (Det er ikkje aktuelt å oppretta hytter med diesel aggregat.)
- ◆ Vurdering av kva standard det er rett å leggja seg på. Det er uheldig om det vert ein trend der auka standard med straum og innlagd vatn vert ein mal for alle hytter.
- ◆ Klimasikring

Kvifor

- + Kutt i direkte og indirekte utslepp ved bygging
- + Mindre arealinngrep
- ÷ Sjanse for svekka tilbod
- ÷ Arbeidskrevjande

Kven

- ◆ Hytte og ruteavdelinga i BHT
- ◆ Administrasjonen i VU og SFT
- ◆ Styra

Har me lukkast?

- ◆ Er retningslinjer laga?
- ◆ Er retningslinjer følgd?

AMBISJON 3

DNT skal være en tydelig stemme for friluftslivsinteresser og vår felles naturarv

Ei berekraftig framtid treng fleire som står på for naturen, og alle DNT foreiningane står ei ein viktig posisjon ved å ta mange menneske med ut i naturen. Friluftslivet er aktivitet eller opphald i naturen med naturoppleving som ein viktig del av føremålet. Friluftslivet er også ein kulturarv med kunnskapar og ferdigheiter som set oss i stand til å vera i og ferdast i naturen på naturen sine premiss. Slik me har gjort i tusenvis av år. Med friluftslivet vert naturen ein heim - noko nært og kjært.

I Bærekraftstrategien skriv DNT: «Vi mener at bruk av naturen til enkel og naturvenleg friluftslivsaktivitet bidrar til naturglede og økt forståelse av behovet for å ta vare på natur». Me skal difor vere medvite vårt ansvar som formidlar av fjellet, elva, skogen og sjøen. For mange i dag er ein tur vorte retta mot å nå fram, mot å nå eit personleg mål, mot ta eit bilete eller mot å sjekke inn på ein app. Alt dette er flotte sider ved å gå på tur, men me meiner merksemda også kan rettast mot naturen sjølv. Ved å informere og rettleie våre medlemmer, deltakarar og besøkande om artar, landskap, kulturarv og verneområde, kan turlag skape større naturopplevingar og slik knytte sterkare band mellom turgåaren og naturen ein driv friluftslivet i.

"Ei berekraftig framtid treng fleire som
står på for naturen"



7. Turlaga og gruppene skal fremje kjennskap og omtanke for natur i sine aktivitetar.

Ein tur er ikkje berre ein tur. Opplevinga og erfaringa kan vere dramatisk ulikt avhengig av kven ein er eller kvar merksemda er retta. Kva kunnskap og ferdigheiter ein har, kva målet ein har for turen, kven ein går med, korleis ein går turen. Om ein går ein tur for å mest effektivt navigere seg opp til topps, vert det ei anna oppleving enn om ein går tur for å finne moseartar eller insekt. Dette veit nok Turboklubbane godt. Berekraftsplanen legg til grunn av framtida treng meir friluftsliv, mellom anna fordi friluftslivet lærer oss å verte glad i naturen. Då er det viktig at dette friluftslivet i best mogleg grad aukar merksemd og omtanke for naturen. Slik at folk kan verte kjend med naturen.

BHT, SFT og VU skal difor fremje kjennskap og omtanke for natur i sine aktivitetar ved å halde ein gratis kursserie i naturkjennskap for sine turleiarar. Denne kan innehalde innlegg/turar/kurs med andre foreiningar i FNF samarbeidet, academia og andre naturkompetente menneske. I tillegg skal alle tur-/kurs-/arrangementskildringar innehalde informasjon om kva natur, landskap, artar og/eller verneområde som er knytt til området ein går tur i.

Eit slikt tiltak vert skapande nybrottsarbeid som må utviklast undervegs.

Kva

- ♦ BHT, SFT og VU skal fremje kjennskap og omtanke for natur ved å halde ein gratis kursserie i naturkjennskap for sine turleiarar og tillitsvalde.
- ♦ Alle våre tur-/kurs-/ skal innehalde informasjon om naturen, landskapet, artane og verneområda ein går tur i.
- ♦ Tiltaka skal vere skapande og involvere breitt.

Kvifor

- + Gjev våre turdeltakarar eit nærare forhold og auka respekt for naturen vår
- ÷ Prosjekt krev finansiering

Kven

- ♦ Aktivitetsavdelinga og naturvernavdelinga i BHT
- ♦ Naturvernutval og naturvernkontaktar
- ♦ Administrasjonen i SFT og VU

Har me lukkast?

- ♦ Skildring av gjennomføring





Rypebær
Foto: Hild Fjermestad Aase

8. Turlaga skal synleggjere naturverdiane og kulturarven kring sine hytter og ruter

Kunnskap om naturen og kulturarven kring våre hytter og ruter er naudsynt for å ta omsyn til naturen i vårt arbeid med tilrettelegging, informasjon og turleiing. Kunnskap om naturen kan også delast med våre gjester for å gje merksemd til naturen på eit vis som skaper omsyn og rikare naturopplevingar. Kanskje du veit at naturen kring Skavlabu er eit område med fleire spennande moseartar, slik som sigdfrostmose, ein tett og grøn mose som trivst i godt i det skrinne høgfjellet. Alle veit ikkje veit dette, og med auka kunnskap om artar, geologi og kulturhistorie kan ein sjå ut glaset på Skavlabu, og oppdaga eit heilt nytt landskap.

Turlaga skal difor hente inn og systematisere kunnskap om naturen og kulturarven kring våre hytter og ruter. Alle hytte og ruteskildringar skal på sikt innehalda informasjon om kva natur, landskap, artar og/eller verneområde som er knytt til området, og slik opna fleire auger for nye naturopplevingar.

Det skal lagast ei prøveordning der utvalde hytter får oppslag/ montasjar på hyttene som rettar merksemd mot lokal natur.

Kva

- ♦ *Turlaga skal hente inn og systematisere kunnskap om naturen og kulturarven kring våre hytter og ruter.*
- ♦ *Alle hytte og ruteskildringar skal innehalda informasjon om kva natur, landskap, artar og/eller verneområde som er knytt til området.*
- ♦ *Hyttene skal få oppslag eller montasjar på hyttene som rettar merksemd mot lokal natur.*

Kvifor

- + *Auka omtanke og respekt for naturen i våre område*
- + *Synergieffektar til vernearbeid*

Kven

- ♦ *Hytte og ruteavdelinga og naturvernavdelinga i BHT*
- ♦ *Hyttevertar og merkegrupper*
- ♦ *Administrasjonen i VU og SFT*

Har me lukkast?

- ♦ *Skildring av gjennomføring*

Organisasjons og kommunikasjonsarbeidet

Kvart av tiltaka må følgast opp av leiinga, og i kommunikasjonsarbeidet. Korleis dette vert gjort er ikkje skildra i detalj, men som tre overordna prinsipp. Ansvarleg for å sikre dette, er styra og administrasjonen i laga. Organisasjons og kommunikasjonsarbeidet skal støtte opp under kvart av tiltaka ved å:

- A.** Følge opp kvart av tiltaka og årleg vurdere måloppnåinga for planen
- B.** Sikre nok resursar til berekraftsarbeidet
- C.** Gje publisitet og skapa merksemd kring gjennomføringa av kvart av tiltaka.





Liste over vedlegg

Vedlegg 1 Metodikk

Vedlegg 2 Kunnskapsgrunnlag

Vedlegg 3 Nedprioriterte tiltak

Finn vedlegg på

bergenoghordalandturlag.no



Naturopplevingar for livet

Bergen og Hordaland Turlag

